


Vindafjord kommune

► Tilbod Barnehage- og skolebruksplan

Rett bygg på rett stad til rett tid

Oppdragsnr.: Tilbud 347-2019 Dokumentnr.: 1 Versjon: Dato:



Oppdragsgjevar: Vindafjord kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson: Nils Erik Eide
Rådgjevar Norconsult ,Bergen / Haugesund
Oppdragsleiar: Terje Gregersen
Fagansvarleg: Dan Lysne og Sigrid Hestnes
Andre nøkkelpersonar: Hannema Sønstegaard

Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent
---------	------	--------	-----------	----------------	----------

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Signert tilbudsbrief

Norconsult stadfester med dette tilbudet at tilbudd arbeidslag har kapasitet til å arbeide med prosjektet innafor kommunen sine tidsfristar. Avdeling skole og barnehage er tilknytt Bergens-kontoret og arbeider med strukturutgreiingar og liknande analysar over heile landet. Vi har utvikla eigne metodar for fleire analyseområder og desse vert kombinert med utgreiingsbehova til Vindafjord kommune.


Vår oppgåveforståing, framlegg til løysingar, framdrift og kostnader for bistanden ligg i dette tilbudsokumentet.

Vi voner at tilbudet svarar til forventningane til kommunen – og at vi gjennom denne dokumentasjonen gjev svar på dei utfordringane som kommunen ynskjer belyst.

Vi ønskjer lukke til med evaluering og val av konsulent.

Berre ta kontakt med tilbudsleiar for meir eller utfyllande informasjon i vårt tilbud.

Bergen, 19. desember 2019



Norconsult AS
Pb 1199 - Sentrum, 5811 Bergen

Tilbudsleiar, Terje Gregersen, konst. avdelingsleiar skule og barnehage

Kontaktinformasjon: Mobil: 45 40 46 73

epost: terje.gregersen@norconsult.com

► Innhald

	Signert tilbodsbrief	3
1	Oppgåveforståing	5
1.1	Oppgåva	5
1.2	Oppgåveforståing	6
1.3	Brukarmedverknad og folkemøte	9
1.4	Kommunen sine grunnlagsdokument / leveranse i samband med planen	9
2	Gjennomføring og timebruk	11
2.1	Utgreiings- og analyseoppgåver med estimert timebruk	11
3	Arbeidslag og tilbudd kompetanse	14
3.1	Erfaringar og referansar i arbeidslaget	14
3.2	Arbeidslaget	15
4	Pris (eks. mva.)	18
5	Framdrift	19
6	Andre omsyn	20
6.1	Vedståingsfrist	20
6.2	Atterhald	20
6.3	Kontaktpersonar	20
7	Opsjonar	21
7.1	Opsjon 1: Utvida brukarmedverknad og brukarprosessar	21
7.2	Opsjon 2: Utarbeiding av rom- og funksjonsprogram for utvalde utbyggingsløysingar (skule og barnehagar)	21
7.3	Opsjon 3: Moglegheitsstudiar av evt. utbyggingsløysingar av nye grunnskular eller barnehagar	21
8	Norconsult Bergen og Haugesund	22
8.1	Bergen, avdeling Skole og barnehage	22
8.2	Haugesund	23
9	Vedlegg	24
	Skatteattest	24
	CV	24

1 Oppgåveforståing

1.1 Oppgåva

I samband med handsaminga av budsjett og økonomiplanen for perioden 2019-2022, vedtok kommunen å utarbeida ein barnehage- og skulebruksplan i 2020.

Planen skal sikre ei framtidretta utvikling med høg fagleg kvalitet i dei kommunale barnehage- og grunnskuletilboda. Vindafjord kommune har ein spreidd lokalisering av sine grunnskular og barnehagar- og det er ynskjeleg å vurdere alternative måtar å organisere desse tenestene på. Sentralt fokus for kommunen er pedagogisk og fagleg kvalitet, berekraftig økonomi, og lokaliseringar som gjev identitet og attraktivitet til kommunen.

Vindafjord kommune ønskjer at minimum fire modellar for alternativ vert utgreidd:

MODELL 1

- 4 skular (ein rein ungdomsskule, tre 1-7 skular) 2 store kommunale barnehagar + (3 private bhg i Vikedal, Ølen og Vats (Nausthaugen))

MODELL 2

- 3 skular (tre 1-10 skular) 2 (3)store kommunale barnehagar + (3 private bhg i Vikedal, Ølen og Vats (Nausthaugen))

MODELL 3

- 6 skular (her er forslag om dei tre oppvekstsentra vert lagt ned) 4 barnehagar + (3 private bhg i Vikedal, Ølen og Vats (Nausthaugen))

MODELL 4

- Konsulentbyrået står elles fritt til å koma med andre alternative løysingar.

Alle forslaga skal analysere og drøfte desse ulike problemstillingane:

- Kvalitet i tilbodet etter omorganisering med barna og elevane sitt beste som viktigaste mål
- Økonomiske konsekvensar og innsparingar
- Organisering av personell/leiarar
- Geografi; logistikk, avstandar og transportutfordringar opp mot lovpålagte avstandar. Geografi opp i mot innsparingar.
- Konsekvensar for bygg og uteområda. Potensialet i ev solgte skulebygg for «bygd livet» framover
- Justering av skulegrenser/ inntaksområder.
- Infrastruktur, herunder trafikale forhold.
- Uteområder.
- Rombehov/ romplan herunder tilgang til Idrettshall/ gymsal.
- Oppdaterte elevtallsprognosar.
- Arealanalyse med kapasitet og funksjonsanalyse.
- Utredninga skal danne grunnlag for beslutning om framtidig skulestruktur
- I dag er PPT og skulehelsetenesta lokalisert på rådhuset i Ølen. Korleis blir organiseringa av desse tenesta best mogleg med tanke på eleven?

1.2 Oppgåveforståing

Føremålet med utgreiinga er å produsere eit godt vedtaksunderlag for framtidig barnehage- og grunnskolestruktur i Vindafjord kommune. Utgreiinga gjev tilrådingar knytt til berekraftige løysingar, tufta på pedagogiske, sosiale og økonomiske føresetnader.

1.2.1 *Utarbeiding av oppdatert barnetals- og elevtalsprognosar*

Vindafjord kommune ynskjer å få ei ekstern utgreiing av barne- og elevtalsutviklinga, elevkapasitet med framtidige berekraftige skule- og barnehagestrukturar tilpassa langsiktige utviklingslinjer og røynda i Vindafjord kommune.

Ei sentral oppgåve i denne utgreiinga, vert å få «kontroll» på framtidige barne- og elevtalsutvikling og korleis barne- og elevtalsveksten fordeler seg på dei ulike skulekrinsane etter årssteg.

Dei oppdaterte barne- og elevtalsprognosane vil gje eit godt bilete på framtidige behov for barnehage- og skulekapasitet.

Dei sentrale spørsmåla i ei barnehage- og skulestrukturdrøfting er:

- Kor mange barnehageplassar og elevplassar har kommunen behov for – og når?
- Kor i kommunen er det behov for barnehage- og elevplassar?
- Kva har kommunen av kapasitet i dag?

I dette tilbodet er det innarbeidd nye befolkningsprognosar for Vindafjord kommune – tufta på Norconsult sine eigenutvikla modellar som tek høgde for flyttemønster (internt og eksternt), bustadbygging, fødsjar og dødelegheit.

Desse berekningane tek utgangspunkt i folketallet på grunnkrets nivå som vert fordelt til sine respektive skulekrinsar. For barnehagekapasiteten er det den samla kapasiteten på kommunenivå - og eller større geografiske område som i stor grad er styrande for behova for barnehageplassane og tilbodsstrukturen.

Talgrunnlaget i desse analysane må tingast frå SSB og det må teiknast eigen avtale mellom kommune og Norconsult om handsaminga av desse tala (GDPR forordninga).

1.2.2 *Arealanalysar med kapasitetsvurdering av dei kommunale barnehagane og skuleanlegga inkl. vurdering av uteområdet.*

Det ligg ikkje føre eigne statlege arealkrav for skuleanlegg, slik som det gjer til dømes for barnehageanlegg. I IS-2073 Miljø og helse i skulen – «Rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular» - utgjeve 03/2014 er storleiken på innearealene til skular presisert.

(<http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Sider/default.aspx>):

«Undervisningsrom/Klasserom: Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² pr. elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m² pr. elev tilsier.

Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m² pr. elev.

Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnормen i avsnittet over.

Spesialiserte læringsareal: Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram.

Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklime som luft, lys og akustikk er ivarettatt (jf. § 14).»

Framlegg til rettleiande arealnорм og arealanalysane i vårt arbeid vil ta omsyn til desse føringane.


Arealanalysar av kvart einskild skule- og barnehagebygg vil seia noko om eksisterande skule- og barnehagekapasitet. Norconsult vil nytta 3 hovudmetodar for å vurdere kapasiteten:

- Vurdering av netto generelt læringsareal – dei areala som barna / elevane nyttar (klasserom, oppholds- og leikerom, grupperom, SFO, garderobar, mv)
- Tal klasserom og storleiken på klasseromma / heimearealet / opphalds- og leikeareal / personalareal.
- Samla bruttoareal. I tillegg vert spesialromsfunksjonane vurdert for seg (inkl. idrettsareal/gymsal)

I tillegg vil vi vurdere bruken av areala og tilrå alternativ bruk for å sikre ei betre utnyttning av eksisterande areal. For skulane vert det gjort eigne kapasitetsvurderingar som seier noko om maksimalt elevtal (teoretisk) og kor mange klassar dei einskilde skulane kan ha. Klassetalet følgjer elevtalsutviklinga og storleiken på klassane. Ofte er klassesdeling ei større utfordring for skulane enn talet på elevane ved skulen. Difor vert det og utarbeidd eigne figurar som syner klassetalsutviklinga for dei einskilde skulane – målt opp mot det tilgjengelege talet på klasserom.

Uteområdet vert skildra og omtala i alle skule- og barnehageskildringane.

Figuren under syner eit døme på kapasitetsinformasjon frå avdelinga sitt planarbeid i Karmøy kommune. Slike figurar vert og utarbeidd for Vindafjord kommune for å vurdere/analysere elevtalsutvikling og skulen sin samla kapasitet.



For barnehagane vert det utarbeidd andre figurar som syner behov for barnehageplassar og dekningsgrad – både etter skulekrins og samla på kommunenivå.

1.2.3 Utarbeiding av arealnorm med funksjonskrav for skuleanlegg og vidareføring av statleg arealnorm for barnehagar

For å kunne vurdere kapasitet og funksjonalitet er det viktig å ha ein mal som det kan vurderast opp i mot. Vi vil difor tilrå at det i samband med dette planarbeidet vert utarbeidd eit enkelt rettleiande funksjons- og arealprogram for barnehagane og grunnskulane i Vindafjord kommune, tilpassa erfaringane frå kommunen sine siste skule- og barnehageutbyggingar, samt at ein tek omsyn til korleis ein ønskjer at anlegga skal utformast for å tilfredsstille kommunen sine overordna faglege føresetnader. Utarbeiding av dette er med i tilbodet, men her er det viktig at kommunen kjem med innspel slik at programmet kan justerast i tråd med kommunen sine ynskjer. Eit slikt «standardprogram» vil og kunne nyttast i samband med utbygging og ombygging av eksisterande anlegg. Det er sentralt for kommunen å få effektive og samstundes gode arealløysingar for framtidig skule- og barnehageutbygging. Det er ein klår samanheng mellom areal og kostnader.

For barnehagane ligg det ein statleg arealnorm i botn, og denne vert lagt til grunn for korleis areala skal nyttast for dette føremålet.

Barnehagebehova vert ein integrert del av plandokumentet, men vil truleg verta presentert i eigne høvelege kapittel etter utgreiingsbehov.

Det er sentralt å få utarbeidd ei samla oversikt over eksisterande kapasitet (både for barn under 3 år og barn over 3 år), seia noko om fordelinga mellom private og kommunale barnehageplassar, dekningsgrad (kva er eigentleg full barnehagedekning?), statleg arealnorm, behova for barnehageplassar framover (prognosen), kostnadskomponentane i barnehagedrifta, seia noko om samanhengen mellom kostnaden i dei kommunale barnehagane og tilskottsstorleiken til private barnehagar, ny barnehagestruktur må særleg tilpassast dei langsiktige linene i areal- og transportutviklinga og ta omsyn til pendlarstraumane i Vindafjord . Framtidige barnehagestrukturar vil omtale/drøfte storleiken på eventuelt nye framtidige kommunale barnehagar og seia noko om fagleg kvalitet og innhald.

1.2.4 Strukturkonsept og strukturalternativ

Planen tek utgangspunkt i eksisterande barnehage – og skulestruktur (alternativ 0) – som vert nytta som referanse og samanlikningsalternativ. Dei økonomiske konsekvensane for ulike modellar / alternativ skal vere presentert på ein slik måte i utgreiinga, at ein ser konsekvensane av det valet som ein gjer, og om ein vel å halde på den strukturen som ein har i dag. Utgreiinga må samstundes ta omsyn til utvikling og endring av barnetal/elevtal, utgifter til drift av tenesteområda, drift av bygg, reisetid og kostnader ved skuleskyss og behov for investeringar.

Det vert utarbeidd strukturalternativ i samråd med Vindafjord kommune. Alternativa syner konsekvensane på elevtalsutvikling, behovet for ut- og ombygging, kostnader til skuledrift, kostnader til byggdrift (FDV), rente- og kapitalkostnader (frå investeringane) og skysskostnader. I tillegg vert det gjort vurderingar knytt til reiseveg / skyss, nærleiksprinsippet i opplæringslova, mv.

1.3 Brukarmedverknad og folkemøte

Integrert i dette tilbudet ligg drøfting med skule- og barnehagefagleg og administrativ leiing i samband med synfaringane. Det er og lagt til grunn to løypemeldings- og undervegmøte med administrativ og politisk leiing.

Vi tenker at dette let seg kombinere i løpet av ei reise. Administrativ og fagleg leiing på dagtid og politisk mynde på ettermiddags- og kveldstid.

1.3.1 Folkemøte

Det er ikkje teke høgde for folkemøte i dette tilbudet utover at dette kan gjennomførast som opsjon og utvida brukarprosessar. Sjå kapittel 7.1 om Opsjon 1 dette.

1.4 Kommunen sine grunnlagsdokument / leveranse i samband med planen

Tilbudet tek utgangspunkt i at kommunen tek ansvar for møteinnkallingar og praktisk tilrettelegging for arbeidsdagane i kommunen, til dømes avtaler med skular og samtalepartnarar m.m. (vår erfaring viser at dette er mest praktisk).

I tillegg må kommunen gje Norconsult tilgang til:

- relevante rapportar om skuleanlegga (inkl. bygningsmessige tilstandsvurderingar, brannsyn og eventuelle pålegg, mv)
- Rekneskapstal og økonomiske tildelingsmodellar
- Oversikt over eksisterande skuleskyss (omfang og kostnader).
- relevant informasjon frå større planarbeid i kommunen, td. kommuneplanarbeidet
- planteikningar av skuleanlegga (helst elektroniske)

- brutto-bygningsareal på alle skolene
- kommuneplankart og kart over skuletomtene
- kart over skolene sine inntaksområde
- oppdaterte elevtal på skolene (historiske tall finner vi i GSI)
- Til prognoseutarbeiding:
 - demografiske data på grunnkrinsnivå; folketal på eittårige aldersgrupper ved de 5 siste årsskifta (må eventuelt tingast frå Statistisk Sentralbyrå iht. ny GDPR)
 - planer for bustadbygging og historisk utbygging siste fem år - etter skulekrins
 - samanhengen mellom grunnkrinsar og skuleområde

2 Gjennomføring og timebruk

Dette kapittelet er og oppsummert i vedlagte tilbudsskjema.

For å lage ein god Barnehage- og skolebruksplan er vi avhengige av eit godt samarbeid med ulike avdelingar og ressurspersonar i kommunen. Det meste av datagrunnlaget og den informasjonen vi treng for å lage planen, er vi avhengige av å få frå kommunen, t.d. teikningar, bygningsmessige rapportar, bustadbyggeprogram, relevante planar, budsjett, rekneskap, politiske saker m.m. Vi vil og hente data frå SSB; tal frå Kostra og tal på demografisk utvikling.

Vi vil ha trong for å kunne samtale med og intervju sentrale personar i kommunen med ansvar for skuledrift, skuleskyss, skuleøkonomi, kommuneplan, økonomiplan og budsjett, bustadbygging og bygningsdrift. Mykje av denne kontakten vil kunne gå føre seg via telefon og e-post.

2.1 Utgreiings- og analyseoppgåver med estimert timebruk

Det vil vere føremålstenleg å starte oppdraget med synfaring på kommunale barnehagar og grunnskular. Dette kan kombinerast med eit oppstartsmøte.

UTGREIINGSOPPGÅVE	SKILDRING	TIMAR
Synfaring – Kommunale barnehagar og grunnskular	Utsending av kartleggings- og spørjeskjema til skulane / oppvekstsentera / barnehagane – rektor/styrar	
13 bygg / anlegg	Synfaring skular/barnehagar over 3 dagar for 2 personar	52
Oppstartsmøte	Oppstartsmøte – gjennomgang av oppdraget.	
	Klårgjering av mandat, framdrift, prosess og forventningar.	
Arealanalyse med kapasitetsvurdering og pedagogiske funksjonsvurderingar	Innsamling av digitalt teikningsgrunnlag (DWG) for barneskulebygga. Arealanalyse – kvart einskild bygg (3-4 metodar for skuleanlegg/barnehagebygg).Kapasitets- og funksjonsanalyse – kvart einskild bygg	55
Barnetals- og elevtalsprognose	Utarbeide barnetals- og elevtalsprognosar – for kvar skolekrins / inntaksområde. Prognosen vert utarbeidd slik at den kan nyttast for alle samfunnsføremål i heile kommunen. Barnetala vert kategorisert etter store og små barn og tilpassa analysebehova for barnehagedrifta	40
(vert levert som oppdatert folketalsprognose for heile kommunen)		
Arealnorm tufta på Norconsult sitt nasjonale arbeid og erfaringar	Utarbeide framlegg til arealnorm – aktuelle skule- og barnehagestorleikar – tilpassa dagens situasjon og framtidige behov i strukturalternativa – både for barnehage og skulebygg. Utarbeide funksjonsskildringar for skule- og barnehagebygg. Dette arbeidet vert tufta på Norconsult sine nasjonale erfaringar frå andre kommunar og statlege arealnorm.	16

<p>Alternativsvurderinger med vidareføring av dagens struktursituasjon som referanse- og samanlikningsmodell</p> <p>Minimum 4 strukturalternativ</p>	<p>Vurdere utbyggingsløyisingar og evt. alternative skulestrukturar og endring av inntaksområda/skulekrinsane som verkemiddel til å fordele elevane meir kostnadseffektivt.</p> <p>Vurdere ulike skuletypar og skulestorleikar tilpassa kommunen sine behov.</p> <p>Løysingsalternativ for å møte barnehagebehova – sentrale moment for å vurdere barnehagekonsept</p> <p>Kvart alternativ synleggjerast med oppdaterte elevtalsprognosar. Nærleiksprinsipp, likeverdige vilkår, kvalitet vert delemne her</p> <p>Økonomiske analyser av investeringsbehov, samt kva for konsekvensar kvart strukturalternativ har på kommunens drift. Dette er modellering av kostnader og vert samanlikna mot dei same føresetnadane ved ei vidareføring av dagens drift. Innan skuleanalysane vert fire komponentar vurdert:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skuledrift - FDV - bygningsdrift - Rente- og kapitalkostnader - Skuleskyss <p>Skuledrifta må ta utgangspunkt i ny pedagognorm. Ein måte kan vere å nytte kommunens ressurstilordelingsmodell, ein annan metode er å kategorisere skulane etter skuletype og storleik – og nytte kostnad pr. elev.</p>	<p>120</p>
<p>Utarbeide rapport</p>	<p>Oppsummere planframlegget til eit omforent dokument for administrativ mynde og politisk leing.</p>	<p>30</p>
<p>Møter og presentasjonar</p>	<p>Presentasjon og løypemelding av utgreiinga undervegs – for politisk og administrativ mynde.</p>	<p>20</p>
<p>SUM TIMEBRUK</p>		<p>333 timar</p>

Med det skisserte arbeidsopplegget over, vil det vere trong for om lag 330 timar til utgreiinga, levert med tekst, tabellar, figurar og illustrasjonar.

Hovudarbeidsforma er tenkt slik:

Innhald i ein barnehage- og skolebruksplan:	Tentativ oppgåvefordeling	
	Norconsult	Kommunen
Innleiing og bakgrunn Mål for planen, planprosess, organisering av planarbeidet, rammevilkår (lover og regler)	Utfører	Bidrar
Fakta grunnlag Gjennomgang og statusskildringar av dei ein skilde barnehage- og skuleanlegga. Forventa og oppdatert folketalsutvikling/prognose, mv.	Utfører	Deltek
Sentrale moment og prinsipp i ein plan Pedagogisk plattform, nærskuleprinsipp, overordna føringar, anbefalte normer for skule- og barnehagestorleik, kvalitetsnormer for fysiske rammer i skulen og barnehage, mv.	Gjev innspel, utfører	Definerer kvalitetsnivå
Utbyggingstiltak – analyse Kapasitet i eksisterande skular og barnehagar, opptaksgrenser, behov for skule- og barnehagekapasitet, utgreiing. Evt drøfting av alternative skulestrukturar og løysingar for barnehagedekning	Utfører	Deltek
Kostnader Arealeffektive bygg - FDV kostnader, Føresetnader og økonomiske konsekvensar / vurderingar, Investeringsbehov og endring i driftskostnader. Samanlikning med vidareføring av dagens situasjon.	Utfører	Deltek

3 Arbeidslag og tilbudd kompetanse

Oppdraget med utarbeidinga av ein Barnehage- og skolebruksplan ligg innafør avdeling Skole og barnehage sitt kjernearbeidsfelt og er såleis særst interessant for vårt kontor. Til eit eventuelt arbeid for Vindafjord kommune vil vi stille med eit tverrfagleg arbeidslag av fagleg dyktige medarbeidarar frå avdelinga. Tilbudde medarbeidarar har til saman mykje skule- og barnehageplanfagleg kompetanse og spesielt god kompetanse på arealanalysar, skulestruktur, kapasitetsvurderingar og økonomiske analysar innan heile grunnskuletenesta. I tillegg har skuleseksjonen eit eigenutvikla prognoseverktøy for å analysere folketalsutviklinga på skulekrins- og kommunenivå.

3.1 Erfaringar og referansar i arbeidslaget

Norconsult si utgreiing vert tufta på eksisterande planverk i kommunen, nedfelta politiske mål i høve politisk plattform og faglege oppdaterte føringar frå administrasjonen.

Norconsult kan syne til pågåande og liknande barnehage- og skuleprosjekt frå tilsvarande utgreiingsoppgåver i mange norske kommunar. Tilbudd arbeidslag har og arbeidd i lag på fleire kombinerte oppdrag med både barnehageanalysar og skulevurderingar har vore tinginga frå oppdragsgjevar.

Dei siste åra kan vi m.a. vise til følgjande oppdrag, der utgreiing av barnehagekapasitet, barnehageøkonomi, elev- og skulekapasitet og skulestruktur har vore ein sentral del:

❖ Skolebruksplan for Steinkjer kommune (pågåande)	2020
❖ Barnehageanalyser Halden kommune (pågåande)	2020
❖ Barnehageplan Karmøy kommune	2019
❖ Oppfølging av utbyggingsprosjekt og revidering av skolebruksplan, Bergen	2019
❖ Barnehage- og skoleanalyse Sigdal kommune	2019
❖ Kapasitetsvurdering av grunnskolar i nye Kristiansand kommune	2019
❖ Skole- og barnehageanalyser for nye Sandefjord kommune	2019
❖ Barnehagebehovsanalyse og prognose Skaun kommune	2018
❖ Kvalitetsutvikling i Minde barnehage	2019
❖ Rom- og funksjonsprogram for samlokalisert løysning Stord vgs,	2019
❖ Rom- og funksjonsprogram for Tysnes skule 5-7 trinn	2019
❖ Skulestrukturutredning for skoler i Vågsbygd, Kristiansand kommune	2019
❖ Ei rad med folketalsprognosar for kommunar over heile landet	fortløpande

3.2 Arbeidslaget


3.2.1 Oppdragsleiar Terje Gregersen (Konst. avdelingsleiar Skole og Barnehage)



Terje Gregersen


Konst. Avdelingsleder Skoleplanlegging 



Mobil: +47 45404673 

E-post: Terje.Gregersen@norconsult.com

Kontorlokasjon: Bergen

Plass- / romnummer: Angi etg, rom eller plass 

Leder for: Skoleplanlegging

Kostsenter: 8353-00 Bergen Skoleplanlegging

Initialer: TEGRE

Ansattnr: 92360 / 102963

 Skoleplanlegging, Bergen, Region Vest, Region, Konsernledelse, Norconsult AS  Bergen, Norway

Terje Gregersen er ft tilsett som konstituert leiar av avdelinga for Skule og barnehage i Norconsult. Han har vore i avdelinga sidan august 2009.

Han har tidlegare jobba i Fjell kommune som kulturleiar og samfunnsplanleggjar. I Norconsult har Terje m.a. vore prosjektleiar for fleire tematiske kommunedelplanar, oppdragsleiar og medarbeidar i fleire skuleutgreiingar over heile landet.

I Rogaland er han oppdragsleiar for pågåande Skolebruksplan for Tysvær kommune og fleire utgreiingar knytt til skule- og barnehageutbygging i Karmøy kommune og skulestrukturanalyse i Strand kommune.

Han har og delteke i utgreiingar/programmeringsoppgåver for ulike offentlege og private organisasjonar.

Han har elles delteke i smått og stort analysearbeid innafor den kommunale tenesteproduksjonen. Gregersen er tiltenkt rolla som oppdragsleiar i dette prosjektet.

3.2.2 Fagansvarleg pedagogikk og prosess, Sigrid Hestnes, rådgjevar**Sigrid Hestnes***Rådgiver*

Mobil: +47 45404591 



E-post: Sigrid.Hestnes@norconsult.com

Kontorlokasjon: Bergen

Plass- / romnummer:

Kostsenter: 8353-00 Bergen Skoleplantegging

Initialer: SIGHE**Ansattnr:** 86585 / 105026

 Skoleplantegging, Bergen, Region Vest, Region. Konsernledelse, Norconsult AS  Bergen, Norway

Sigrid Hestnes er utdanna barnehagelærer, og har erfaring frå kommunal sektor som pedagogisk leder, rettleiar og styrar i barnehagar. Ho har og vore barnehageleiar i privat sektor, der hun blant anna har ført pedagogisk tilsyn med private barnehagar. Sigrid har jobba som pedagogisk rådgjevar i Norconsult AS sidan 2017, og har vore oppdragsleiar i arbeidet med barnehageplan for i Karmøy kommune og Stjørdal kommune i 2019. Ho har også vore oppdragsmedarbeidar i strukturutgreiingar for Sandefjord, Skaun og Sigdal kommunar i 2018. Sigrid har barnehage som sitt spesialfelt og er blant anna prosessleiar i brukarprosessar, utarbeidar arealprogram, rom- og funksjonsprogram og utgreier tema knytt til bruksendringar, tomte vurderingar, areal vurderingar og kapasitetsanalyser.

3.2.3 **Fagansvarleg prognose, Dan Lysne, senior skuleplanleggjar**



Dan Lysne

Senior skoleplanlegger



Mobil: +47 45404504 
E-post: Dan.Lysne@norconsult.com
Kontorlokasjon: Bergen
Plass- / romnummer:
Kostsenter: 8353-00 Bergen Skoleplanlegging

Initialer: DL

Ansattnr: 91268 / 100612

 Skoleplanlegging, Bergen, Region Vest, Region, Konsernedelse, Norconsult AS  Bergen, Norway

Dan Lysne har til saman over 25 års erfaring med samfunnsplanlegging / skuleplanlegging, først på Kommuneplanavdelinga hos rådmannen i Bergen og som utgreiingsansvarleg i skuleavdelinga i Bergen kommune, og seinare som konsulent i Vestnorsk plangruppe og Norconsult.

Lysne har vore leiar av avdelinga i ei årrekke og har arbeidd nasjonalt med smått og stort utgreiingsarbeid for kommunar og fylkeskommunar.

Dan har og brei røynsle som programmeringsarkitekt for ei rad med offentlege skuleanlegg. Han arbeider til mykje med å følgje opp Bergen kommune sine handlingsplanar og utbyggingstiltak.

Han har vore leiar og/eller skulefagleg ansvarleg på mange av våre oppgjevne referanseprosjekt.

Dan vert fagansvarleg for utarbeidinga av folketalsprognosen i dette planarbeidet. Samstundes vil han bidra aktivt inn i arbeidet med å vurdere tiltak og løysingar i eit langsiktig perspektiv.

Dan vert og oppdraget sin firmaansvarleg og kvalitetssikrar.

4 Pris (eks. mva.)

Timeprisar (eks. mva) for prosjektmedarbeidarane er som følgjer:

- Dan Lysne kr. 1 200,-
- Terje Gregersen kr. 1 200,-
- Sigrid Hestnes kr. 1 100,-
- Hannema Sønstegaard kr. 1 100,-

Vi tilbyr å utføre utarbeidinga av planframlegg for ny Barnehage- og skolebruksplan som skissert i dette tilbudet, innafor ei samla økonomisk ramme på:

kr 396.000,- eks. mva.

Kostnader til reiser kjem utanom. Reiser til/frå Vindafjord vil skje med firmabil eller med hurtigbåt til frå Bergen. Ved hurtigbåt treng vi lokal skyss – gjerne ved at lokal kontaktperson / kommunal bil står klår ved kai.

Overnatting på hotell i Vindafjord / Ølen kan verte aktuelt i samband med synfaringane og oppstartsmøte.

Elles vert reisene fakturert i samsvar med statleg regulativ.

5 Framdrift

Norconsult ser for seg å levere eit planframlegg til ny Barnehage- og skolebruksplan i samråd med oppdragsgjevar.

I høve rammene i oppdraget, vil det vere mogleg å utarbeide eit planframlegg til påsken eller 01. april 2020.

Erfaringsmessig kan det vere føremålstenleg at prosessane i samband med dette arbeidet tek noko lenger tid. Vi har fleire gonger erfart at det å skunde seg langsamt – kan vere ei god framgangsmåte for kommunen, særleg i saker som gjeld endring av skulekrinsgrenser.

Grunnkretsdata frå Statistisk Sentralbyrå tek også noko tid å få levert, slik at arbeidet med grunnlagsanalysane uansett ikkje kan starte før prognosane er utarbeidd. Vi tilrår difor kommunen å tinge slike grunnkretsdata frå SSB, tidleg i oppstartsfasen, slik at framdrifta ikkje vert forskyvd grunna lang leveringstid frå SSB.

6 Andre omsyn

6.1 Vedståingsfrist

Vårt tilbud står ved lag til 01. juni 2020, altså utover minimumsfrist i konkurransegrunnlaget.

6.2 Atterhald

Ingen.

6.3 Kontaktpersonar

Tilbudsleiar for Norconsult er Konst. avdelingsleiar Barnehage og Skule, Terje Gregersen mob. 45 40 46 73

7 Opsjonar

7.1 Opsjon 1: Utvida brukarmedverknad og brukarprosessar

Norconsult kan tilby opsjon på utvida brukarmedverknad i samband med deler av planarbeidet. Dette kan vere utvalde målgrupper som grender, retorar/styrer med arbeidstakarorganisasjonar og elevar, folkemøte ol.

Sigrid Hestnes har delteke på eit innovasjonsprogram som nyttar eigne metodar for å få til ei innovativ mål- og brukarstyrt medverknad i planarbeidet.

Norconsult kan i samråd med kommunen setje saman møte- og involveringsprosessar utover tilbudde rammer i dette tilbudet. Erfaringsmessig ligg kostnadsnivået på slike oppgåver mellom kr. 20 000 – 90 000 eks. mva. avhengig av omfang og talet på møta. Ei folkemøterekke vil fylgje same program, slik at det vil vere mogleg å få eit effektivt tal timar til slike rundar.

7.2 Opsjon 2: Utarbeiding av rom- og funksjonsprogram for utvalde utbyggingsløysingar (skule og barnehagar)

Avdeling Skule og barnehage har brei erfaring med utarbeiding av rom- og funksjonsprogram av grunnskular og barnehagar. Vi har laga tidleg-fase grunnlaget for sær mange nye skule- og barnehageanlegg i Rogaland og Hordaland spesielt. I Karmøy kommune vert det no bygt Stangeland skule – dimensjonert for over 700 elevar. Dette arbeidet tek utgangspunkt i eit rom- og funksjonsprogram som er utarbeid i samråd med kommunen. Her er det vurdert pedagogisk kvalitet og pedagogisk plattform for den nye skulen.

Arbeidet med eit rom- og funksjonsprogram vil liggje mellom 150 000 – 300 000 eks. mva. avhengig av omfang og kompleksitet. I dette arbeidet ligg brukarmedverknad og prosessar med tilsette, fageiningar og ressurspersonar tilknytt anlegget.

7.3 Opsjon 3: Moglegheitsstudiar av evt. utbyggingsløysingar av nye grunnskular eller barnehagar

Norconsult har etablert eit eige Team-Skole som består av fleire fag enn pedagogar og skuleutviklarar innafør eiga avdeling. Her er det også tilknytt arkitektar frå Bergens-kontoret med brei røynsle frå skule- og barnehageprosjekt.

Fleire kommunar ynskjer arkitektfaglege konsept som visualiserar utvalde ut- og ombyggingstiltak – for å synleggjere tomtedisponering og romprogram. Moglegheitsstudiar er og ein god måte å formidle korleis løysingane / tiltaka i ein plan kan realiserast. Samstundes kan moglegheitsstudiar forenkla vidare planfasar for kommunen – og kan nyttast inn i eventuelle seinare detaljplanleggings- og prosjekteringsfasar.

Anslagsvis ligg kostnaden for å utarbeide eit moglegheitsstudie mellom kr. 100 000 – 250 000 eks. mva.

8 Norconsult Bergen og Haugesund

8.1 Bergen, avdeling Skole og barnehage

Meir informasjon om avdeling skole og barnehage finner du i lenka under.

<https://www.norconsult.no/kompetanse/fag-og-tjenester/skoleplanlegging/>

Avdeling for skole og barnehage har på vegne av Utdanningsdirektoratet hatt ansvar for utvikling og drift av den nasjonale rådgjevingstenesta for skuleanlegg; www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no (frå 2012 vart barnehagar og ein del av tenesta).

Dette arbeidet gjer at vi har god oversikt og oppdatert kunnskap om fagfeltet – og inngåande kjennskap til norske skule- og barnehageanlegg og skulestrukturvurderingar rundt om i landet.

Fysisk læringsmiljø

Sosialt nettverket

Utdanningsdirektoratet

Prosjektplanlegging

Inneklima og innemiljø

Konferanse

Barnehage- og skoleeksempler

Svartjeneste

Nyhetsbrev



Norsk Innemiljøorganisasjon inviterer til fagmøte torsdag 16. januar i Oslo. Tema for møtet er: Skoleelever som forskere og miljøagenter: Bedre samarbeid om inneklima i skoler?

Siste nyhetssaker

- [Fagmøte om inneklima i skoler](#)
- Ny forskrift om miljø og helse i barnehager, skoler og skolefritidsordninger
- Landsomfattende tilsyn med kommunenes arbeid med miljørettet helsevern i barnehager og skoler
- Nettverksmøte for "Fremtidens klasserom"
- Japan er vertskap for GNEELE 2019

[» Nyhetsarkiv](#)

8.1.1 Team Skole og barnehage

Via avdeling for skole og barnehage, er det etablert team som har spissa erfaring og kompetanse innfor planlegging og utvikling av barnehagar og skular i Norconsult. Teamet er satt saman av utvalt kompetanse som har brei erfaring og interesse for skule og barnehageutvikling.

Tilbudd kompetanse i dette arbeidslaget, samt kompetanse som vert tilbudd i opsjonane er tilknytt Team Skole og barnehage.

Teamet starta i Bergen, men vert no planlagt utvida til andre regionar i Noreg. Teamet har arbeidd med fleire prosjekt i Rogaland, bla Karmøy kommune, Rogaland fylkeskommune.

8.2 Haugesund

Norconsult har eit stort tverrfagleg rådgjevarmiljø i Haugesund. Dersom det er behov for andre fag i samband med barnehage- og skolebruksplanen, er det berre å kontakte kontoret i regionen.

<https://www.norconsult.no/kontakt-oss/region-vest/haugesund/>



[← Tilbake](#)

KONTAKT

Kontorleder: Tor Inge Fredriksen

Tlf: +47 48 10 43 18

Epost: Tor.Inge.Fredriksen@norconsult.com

ADRESSE

Haugesund

Torggata 10, 5525 Haugesund

Postadresse

Pb. 458, 5501 Haugesund

HAUGESUND

Norconsults kontor i Haugesund har ca 30 ansatte inkludert vår avdeling i Ryfylke. Vi har spisskompetanse innen de fleste fag våre kunder har behov for. Kontoret har egne avdelinger for Plan og byutvikling, Bygg og eiendom, Vann- og avløpssystem og vei/infrastruktur, Brann og sikkerhet. I tillegg har vi en tverrfaglig avdeling i Ryfylke (Sånda og Sand).

9 Vedlegg

Skatteattest

CV

TILBODSSKJEMA**Firmainformasjon**

Firmanamn	Norconsult (avd. Skole og barnehage)		
Organisasjonsnummer	962392687		
Postadresse	Pb 1199 5811 BERGEN		
Besøksadresse	Valkendorfsgate 6, 5012 BERGEN		
Telefonnummer	90 98 25 51	Mobilnummer	45 40 46 73
E-postadresse	endre.ljones@norconsult.com		

Kontaktperson	Terje Gregersen		
Telefonnummer	45 40 46 73	Mobilnummer	45 40 46 73
E-postadresse	Terje.gregersen@norconsult.com		

Tilbud

Oppdraget skal honorerast etter brukt tid. Det vert nytta standard kontraktsformular NS 8402. Dei timeprisar som kjem fram nedanfor er tilbydar sin timepris for ytingar som kjem fram av konkurransegrunnlaget, samt dei omkostningar som i høve grunnlaget ikkje skal godtgjerast særskilt. Alle timeprisar skal gis inklusiv alle påslag og eksklusiv meirverdiavgift og skal dekkja alle tillegg til netto utbetalt arbeidsløn med unntak av dei utgifter som er definert i NS 8402 pkt. 13.

Utredning

	Estimert timeforbruk	Timepris eksl. MVA	Sum
Forarbeid			
Arbeid med modell 1-4	163	1200	195 600
Møteverksemd	20	1200	24 000
Synfaring	52	1200	62 400
Anna (kapasitet + prognose)	95	1200	114 000

Reisekostnader

	Sats/pris per eining	Antal reiser	Sum
Reise utan overnatting	2500	3	7500
Reise med overnatting	4500	2	9000

Atterhald og avvik

- Det tas ingen atterhald/avvik.
- Det tas _____ atterhald/avvik som er nærare lista opp i tilbods brevet.

Ovannemnde leverandør gir med dette vedlagde tilbud på i høve dei vilkår som kjem fram av konkurransegrunnlaget. Konsulentbistand knytt til utredning barnehage – og skulebruksplan for Vindafjord kommune.

- Me anerkjenner oss vårt tilbud til den dato som er angitt i konkurransegrunnlaget. Tilbudet kan akseptrast av oppdragsgjevar når som helst fram til utløp av anerkjenningsfristen.

Stad

BERGEN

Dato 19.12.19 Underskrift



Namn med blokkbokstavar

TERJE GREGERSEN

